

Om Hitler og bompengar og ansvar

Brynhild Winther

Eg hadde nesten lova deg at eg ikkje skulle sei til nokon at Hitler hadde rett i ein ting. Men, eg klarte ikkje la vera fordi det var så ekstremt påfallande, og denne gongen kunne det få fatale konsekvensar langt inn i framtida. Det er faktisk ikkje slik at det finnst menneske som berre er slemme og menneske som berre er snille. Kanskje var dette det einaste kloke Hitler sa i sitt liv, eg veit ikkje. Men, det kjennes viktig ut å trekke det fram nett no. Eg hugsar det heller ikkje ordrett, men det står noko i «Mein Kampf» om at folk flest ikkje bør ha stemmerett fordi dei ikkje tenker lengre enn kortsiktige sakar som anngår deira eigen lommebok. Han sa at valg bør handle om korleis ein kan sikre gode løysingar for fleire generasjonar fram i tid. Og det han sa heng saman med det eg ser kring klagninga kring bompengar. Og så blir eg sint, fordi eg vil ikkje at han skal ha rett. Eg vil at folk skal vera idealistar. At dei skal tenkje langt fram. At dei skal parkere bilen og bruke kollektivtrafikken fordi dei bryr seg om kloden til alle dyra og folka som kjem etter oss. Så blir eg enno meir uroleg når eg les at Bompengepartiet får høgare og høgare oppslutning, for det betyr at Hitler hadde rett, og at menneskearten ikkje har vidareutvikla seg sidan den gong. Det viktigaste er framleis egoet, og egoet si lommebok.

Kort tid etter at barna demonstrerte mot politikarane sine manglande evne til handling kring klimakrisa, viser dei vaksne at det finnst vilje til handling likevel. Så lenge ein sak oppleves som viktig, står dei vaksne opp for seg. Difor ser det ut til at all politisk aktivitet i denne byen er fokusert kring bompengar. Som om det var ei menneskrett å køyre bil. Som om dei vaksne ikkje tek sine barn, eller jorda eller framtida på alvor, men berre tenkjer her og no. Kanskje bør me alle stille spørsmål ved kva me vektlegg når me går til valg. Det å ha stemmerett, handlar ikkje berre om å kunne få fleire goder ut av samfunnet. Det er eit stort ansvar som går lengre enn vår eiga levetid. Fordi valga ein tek, kan faktisk få store konsekvensar for komande generasjonar.

Det går lite bussar der eg bur, men det tek berre 50minutt å gå til jobb. Det betyr i praksis at eg har gratis trening i bakkane inkludert i boutgiftene. Særleg på veg heim når eg har sekken full av matvarer. Potensielt blir det òg ei mindre belastning for helsevesenet at eg går heller enn å sitje i bil. Men, om me hadde fleire bomstasjonar, kunne kanskje kollektivtrafikken blitt utbetra slik at færre slapp å bruke bil. For kven vil vel sitje i ein bil, når ein kan starte dagen med ein spasertur i frisk luft, eller å lese ei bok på bussen eller bybanen? Og så håper eg at Hitler tok feil likevel, og at folket viser at dei er seg bevisst ansvaret ved å ha stemmerett.